



(Foto: Bømlo kommune)

Folkehelse i Bømlo

Folkehelseoversikt og utfordringsbilete 2019-2023

31.10.2019
Rådmannen



Akedag ved Svartland skule.

(Foto: Jeanette Fjelland)

Innleiing

Etter folkehelselova §5 skal kommunen ha naudsynt oversikt over helsetilstanden i befolkninga, og dei positive og negative faktorar som kan verke inn på denne. Ei slik oversikt skal vere skriftleg og utarbeidast minimum kvart 4. år.

Dette dokumentet gjeld fram mot 2024, men vil ha eit meir langsigkt perspektiv når det gjeld utfordringsbiletet. Parallelt med dette dokumentet er det utarbeidd eit statusdokument som gjev meir utfyllande bakgrunnsinformasjon og tal for Bømlo.

Begge dokumenta har ei viss overvekt av data når det gjeld ungdom. Det skuldast m.a. at det ligg føre meir data om barn og unge, gjennom elevundersøkinga og ungdata-undersøkinga. Ungdata og ungdata junior-undersøkinga representerer eit nullpunkt for eit pågåande folkehelseprosjekt retta mot barn og unge, og data frå 2019 er viktige referansepunkt for framtidig utvikling. Når det gjeld vaksne er data i større grad knytt til nasjonale tal, eller basert på mindre grupper i befolkninga.


Oversiktsdokumentet

(Statusdokument kapittel 2)

Oversiktsdokumentet for folkehelse er eit sentralt kunnskapsgrunnlag (grunnlagsdokument) for at Bømlo kommune skal kunne utøve sitt heilskaplege

folkehelseansvar på ein forsvarleg måte. Dokumentet skal ligge til grunn for vedtak i forbindelse med langsiktig planlegging av folkehelsearbeidet, knytt opp mot prosessane som plan- og bygningsloven legg opp til. Men det skal òg nyttast i det daglege arbeidet med planarbeid og utforming av tiltak.

I Bømlo kommune skal folkehelsearbeidet oppfylle nasjonale, regionale og lokale målsettingar, mellom anna FN sine berekraftmål, og nasjonale og globale mål for folkehelse som Noreg har forplikta seg til.




I ny kommuneplan sin samfunnssdel (KPS) er det lagt til grunn tre prinsipp som skal styre planlegginga av Bømlo kommune, og som folkehelsearbeidet også vil legge til grunn:

- All planlegging skal vere berekraftig med omsyn på klima, sosialt liv og økonomi (KSØ)
- All planlegging skal vere helsefremjande
- All planlegging skal leggje «føre var»-prinsippet til grunn

I statusdokumentet for folkehelse pr. 2015/2016 blei det vedteke 3 fokusområde. Desse vert ført vidare med små justeringar for å sikre ei heilskapleg tilnærming til dei utfordringane vi møter framover:

- 1. Sikre sunne og trygge oppvekstmiljø og levekår**
- 2. Hindre aukande sosioøkonomiske skilnader og fattigdom**
- 3. Heilskapleg strategi for å møte den forventa demografiske utviklinga**



Eit trygt og helsefremjande samfunn (Fokusområde: Sikre sunne og trygge oppvekstmiljø og levekår)

Infrastruktur er sentralt i alle samfunn. Ein kommune skal leggje til rette for at innbyggjarane har reint drikkevatn, at utslepp og avfall blir teke hand om på ein forsvarleg måte, og at det er mogleg å ta seg fram på vegane. Bømlo Vatn og Avløpsselskap AS (BVA) forsyner 95% av befolkninga i Bømlo kommune med reint vatn.

Bømlo har god kvalitet på kommunalt drikkevatn, som blir reinsa gjennom tre fullreinseanlegg. Det er likevel mange faremoment knytt til drikkevassforsyning. Gamle rør som lek, eller manglande tilbakeslagsventilar utgjer ei risiko for innsug av forureinande stoff.

Nokre område har framleis private vassverk. Private

anlegg som forsyner to eller fleire abonnentar har same krav til kvalitet på drikkevatnet som offentlege vassverk. Desse kan vere sårbare for forureining. Viktigaste tiltak for å sikre reint drikkevatn vil vere å kople heile Bømlo saman til eit felles vassverk, samt syte for at lovpålagte sikringssystem er på plass hos alle abonnentar. Ved utbygging av vassløysingar til bustadfelt er det også naudsynt å ta omsyn til sløkevatn ved eventuell brann.

Over halvdelen av busetnaden har kommunal avlaupsløysing. Utslepp av kloakk i Storavatnet og Innværfjorden kan gi oppblomstring av bakteriar som kan vere skadeleg for menneske og dyr. Det er trond for å sanere mange eksisterande utslepp til felles utsleppspunkt, og få ein så stor del av busetnaden som mogleg knytt til avlaupsnettet.

Bømlo har investert mykje i fylkesvegane på Bømlo gjennom Bømlopakken, og betra kommunikasjonen mellom lokalsentra i kommunen. Kommunale vegar er framleis mange steder smale og uoversiktlege. Gjennom dialog med innbyggjarane har det kome fram at därleg framkome og farlege vegar utgjer ei barriere for deltaking og sosial kontakt, særleg for dei som ikkje køyrer bil, mellom anna dei yngste og dei eldste.

Mobilitet. Bømlo er ein kommune med spreidd busetnad, og mange bur langt frå nærbutikk, skule, barnehage og andre sørvesttilbod. Trygge gang- og sykkelvegar manglar mange stader. Dårleg eller manglande kollektivtilbod gjer at folk vel å køyre bil, sjølv ved små ærend. Det aukar trafikken og faren for trafikkulukker.

Dei som ikkje kan køyre bil, blir avhengige av hjelp frå andre, eller blir isolerte. Kvardagsaktivitet er viktig for folkehelsa, og det er ei nasjonal målsetjing at barn og unge skal kunne gå eller sykle til skulen. Universell utforma tilkomst til sørvisfunksjonar og gode kollektivtilbod vil vere viktig for at eldre og uføre skal kunne vere mest mogleg sjølvhjelpte. Det er viktig at dette blir teke omsyn til i arealplanlegginga.

Levevaner. Helseåtferd er viktig med tanke på sjukdomsrisiko og framtidig helse. Helseåtferd er på den eine sida ei privatsak for den einskilde, men har på den andre sida store samfunnsøkonomiske konsekvensar.

Dei siste 10-åra har vi sett ei global utviklinga med auke i sjukeleg overvekt, diabetes og andre livsstils-



Friminutt ved Hillestveit skule.

(Foto: Simon Knutsson Sortland)

sjukdommar. Grunnlaget for levevaner og sjukdomsrisiko blir lagt allereie i barndommen, og samfunnet har eit ansvar for å leggje til rette for gode val for alle, og ikkje minst for dei unge som skal bli foreldre.

Nasjonale tal viser at berre 30% av vaksne, og 40% av 15-årige jenter oppfyller dei nasjonale tilrådingane om *fysisk aktivitet*.

Kosthaldsvanar blir etablert i barnealder, og det er store skilnader mellom familiær. Eit ugunstig kosthald er hovudårsaka til overvektsproblematikk og påfølgjande sjukdomsrisiko. Bømlo har høg førekommst av overvekt blant barn i 8-9-årsalderen. Tala er vesentleg høgare enn på landsbasis, og har auka sidan 2010.

På Bømlo var 20,2% av jentene og 32% av gutane overvektige som 8-9-åringar i 2018, og 9 prosent totalt hadde fedme, dvs. at nesten 1 av 10 barn i denne aldersgruppa har helsekadeleg overvekt. Sjølv om prosentsatsen er usikker grunna relativt små tal, er trenden tydeleg. Bømlo har også utfordringar når det gjeld tannhelse hos barn, der vi er klart dårlegare enn andre kommunar i regionen.

Søvnvanskar er eit aukande problem i fleire al-

dersgrupper. Søvn mangel og kort søvntid aukar risikoen for psykiske vanskar, sjølvskadning, rus- og alkoholproblem, overvekt, samt høgt skulefråvær og dårlige skuleprestasjoner for ungdom. Ungdom sov i gjennomsnitt 2 timer mindre enn tilrådd på kvardagar. Årsakene til auke i søvnvanskar er samansett, men er truleg m.a. knytt til skjermaktivitet på kveldstid.

Sosialt miljø. Bømlo har eit rikt organisasjonsliv. Desse representerer viktige sosiale treffstadar, og gjer ein særsviktig frivillig innsats for lokalsamfunnet. Ungdata-undersøkinga viser at 71% av ungdommane tek del i organiserte fritidstilbod i ungdomsskulealder, men at talet fell til 36% for elevar på vidaregående skule.


Nærmiljøet er viktig for folk si helse. Sosiale faktorar som verker helsefremjande er å kjenne seg som ein del av eit fellesskap, kunne delta med meiningsfulle aktivitetar på ulike område, og oppleve støtte frå andre. Helsefremjande samfunn er basert på gjensidig støtte og tillit, har tilnærma like vilkår og mogleikar for alle, og fråvær av store sosiale skilnader.

Ungdata-undersøkinga i Noreg syner som hovudfunn at dei aller fleste norske ungdommar har det

bra, og at dei fleste lever aktive liv, der venskap, familieliv, skule, trening og digital fritid står sentralt i kvardagen. Sidan me starta med Ungdata i Bømlo kommune i 2013, har me sett ei nedadgåande trend når det gjeld den psykiske helsa til ungdommar. Dette er ikkje ekslusivt for Bømlo.

Nokre meiner at auka individualisering i samfunnet og sterke prestasjonspress, til dømes i skulen, ligg bak denne utviklinga. Andre meiner at auken kan skuldast større openheit om og merksemd på slike plager. Forskinga gjev ingen klare svar på dette. Det vi derimot veit, er at symptom på angst og depresjon er dei vanlegaste plagene blant ungdom.

Jenter er meir plaga og oppsøkjer oftare hjelp enn gutter. Konfliktfylte tilhøve i heimen og liten grad av sosial støtte aukar risikoen for slike plager. Fleire undersøkingar viser òg ein klar samanheng mellom mobbing og dårlig psykisk helse.



Psykisk helse hos unge må få større merksemd.
(Ill.foto: Simon Knutsson Sortland)

Mobbing er eit alvorleg problem som rammar mange og i alle aldrar. Mobbing kan definerast som gjentekne negative handlingar der ein eller fleire personar medvite og med vilje skadar eller prøver å skade eller påføre nokon ubehag. Mobbinga kan vere fysisk, ved bruk av vald, eller psykisk, som vedvarande utfrysing eller gjentekne negative kommentarar.



Fallførebygging.

(Foto: Kathrine Tislevoll Nygård)

Digital mobbing er blitt eit stort samfunnsproblem. Forsking har vist at barn som skil seg ut på ein eller annan måte er meir utsatte for mobbing, og at mobbing og utesetjing ofte startar allereie i barnehagealder. Lokale tal for mobbing varierer mellom årskulla, men Bømlo skil seg ikkje vesentleg frå landssnittet.

Digital kvardag er den nye tid. Både barn og voksne nyttar mykje tid med skjermaktiviteter. Sosiale digitale nettverk kan representere eit stort og viktig miljø av vene for personar som elles kunne blitt isolerte av ulike grunner. Digitale media gjev lett tilgang på informasjon og verktøy som kan bidra til meistring i kvardagen.

Samtidig viser forsking at der digitale sosiale nettverk kjem i staden for fysiske møte, kan graden av einsemd og psykiske vanskar auke. Nettstader som bygger opp under fordommar og hat er eit trugsmål mot fellesskapet. Personar som opprettar falske identitetar for å utnytte andre, er ikkje uvanleg.

Mange unge kjenner seg pressa til å utlevere seg sjølv via nettet, og det er blitt vanleg blant unge å sende nakenbilete, med den risikoen det inneberer for misbruk og negativ merksemd. Unge i Bømlo er mykje på nett. Tal frå Bømlo viser at mange unge har opplevd negative hendingar over nettet. Det er viktig å vere merksam på utviklinga, og bidra til nettvett og kjeldekritisk tenking.

Tryggleik for befolkninga handlar òg om å førebyggje brann og ulukker. Førebyggjande brannvern prioriterer mellom anna brannførebygging overfor personar med ruslidingar og alvorlege psykiske lidings, eldre, og folk med anna funksjonshemmning, i samarbeid med andre etatar i kommunen.



Klimaendringar med store nedbørsmengder vert ei stadig større utfordring.

(Foto: Ove Halleraker)

Talet på skadde barn har gått kraftig ned i takt med auka sikringstiltak, både i trafikken og elles. Like fullt er ulukker eit av dei største trugsmåla mot barn si helse, også i Noreg. Til barna er 5–6 år skjer de fleste ulukker heime og mest inne. Med større aksjonsradius og aukande alder skjer fleire skadar utanfor heimen. Barn med innvandrarbakgrunn er meir utsette for ulukker enn norske barn.

Fall er den klart vanlegaste typen ulukke blant eldre, og førekomensten av fall og fallrelaterte skader aukar med aukande alder, og fører med seg liding, tap av livskvalitet og for tidleg død. Fallskader hos eldre kostar årleg samfunnet store summar. Fall kan føre byggjast gjennom ei heilskapleg tilnærming, kombinert med trening som held ved like eller betrar styrke og balanse.

Klimaendringane er allereie eit merkbart trugsmål mot liv og helse i deler av landet. For Bømlo sin del er den største risikoen knytt til uvær, stormflo, flaum og tørke, men det vil òg vere område som er utsette for ras. Det er naudsynt å prioritere fysisk klimatilpassing for å møte denne utviklinga. Globalt,

men også nasjonalt, ser ein at klimaendringa fører til endring i sjukdomsutbreiing. All planlegging må ta omsyn til at vi skal ta vare på kloden for komande generasjoner.

Barnehagar og skular er, saman med nærmiljø, dei viktigaste arenaene for folkehelsearbeid. I barnehagar og skular får barn og unge naudsynt kunnskap som skal kvalifisere for framtidig arbeidsliv. Samtidig er det ein sentral arena for sosial trening.

Barnehagar og skular er dei stadene der ein møter heile befolkninga i aldersgruppa, og dei har også kontakt med føresette. Desse arenaene representerer difor unike mogleikar for å nå heile befolkninga med folkehelsetiltak som kan betre funksjonsnivå, fremje sunn livsstil, og førebyggje fysiske og psykiske helseplager og sjukdom.

Uteområde som innbyr til aktivitet kan både auke aktivitetsnivået gjennom skuledagen, og fungere som sosiale og aktivitetsfremjande møteplassar for lokalsamfunnet. Erfaring med universelle tiltak viser at dei gjev nytte for alle, men at dei som treng



Friluftsliv for alle og Bømlo vaksenopplæring ved den populære møteplassen på Fet.

(Foto: Ingebjørg Dale Madsen)

det mest får størst nytteverdi. Ved utfordringar som gjeld mange er difor universelle tiltak langt meir effektive enn tiltak retta berre mot dei med høgast risiko, og til langt lågare kostnader.

Alle grunnskulane i Bømlo er kommunale, og vil vere viktige samarbeidspartnarar i folkehelsearbeidet. Alle barnehagane i Bømlo er private, og her vil det vere naudsynt å etablere eit gjensidig samarbeid.

Like mogleikar for alle

(Fokusområde: Hindre aukande sosioøkonomiske skilnader og fattigdom)

Inntekt og inntektsendring. Bømlo har tradisjonelt vore eit samfunn med mindre sosiale og økonomiske skilnader enn det som er gjennomsnittet for landet og fylket. Det ser vi mellom anna ved at median-inntekta etter skatt er høgare enn gjennomsnittet, og at skilnaden mellom dei med høgast og dei med lågast inntekt er mindre enn landssnittet. Vi ser òg at skilnaden i levealder etter utdanningsnivå er mindre på Bømlo. Nasjonalt er det ei sterk samanheng mellom sosioøkonomisk nivå og sjukdom og levealder.

Familiar med låg inntekt. Liva til barn og unge vert påverka av å vekse opp i fattigdom. Ein ser systematiske skilnadar mellom barn som veks opp i familiarar med låg inntekt og andre barn på fleire viktige område i barn sine liv. Fattigdom i Noreg handlar ikkje om mangel på mat, klede og tak over hovudet. I dag inneber fattigdom også det å mangle mogleikar for å delta sosialt, på lik linje med resten av samfunnet. Den vanlegaste måten å måle dette på er med eit såkalla relativt låginntektsmål: Dersom

barnet veks opp i ein heim der samla inntekt er mindre enn 60 prosent av medianinntekta i Noreg, vert det definert som ein låginntektsfamilie.

Ungdata-undersøkinga i Noreg syner at ungdom som svarar at familien deira har hatt dårlig råd dei siste åra, er mindre tilfredse og sjeldnare nøgd med vene, foreldre og lokalmiljøet enn andre. Dei rapporterer òg meir helseplager. Dei økonomiske rammevilkåra familiar lever under har samanheng med korleis helsa utviklar seg gjennom heile livet, uavhengig av om det seinare skjer endringar i levekåra.

Barn som veks opp med foreldre som har rusrelaterte problem er meir utsett enn andre for å oppleve utfordringar knytt til psykisk helse, for sjølv å debutere tidleg med rus, og for å utvikle eigne vedvarande rusrelaterte utfordringar. Dei gjer det dårlagare i skule, utdanning og arbeidsliv, og har auka risiko for fråfall.

Å vekse opp i ein familie med store leveårsutfordringar aukar sannsynet for at barna held fram med å ha dei same problema når dei blir vaksne. Universelle, ikkje-stigmatiserande tiltak er viktig, men saman med tidleg innsats og heilsakapleg oppfølging der det er naudsynt, for å motverke at fattigdom og leveårsutfordringar vert vidareført.

Arbeidsmarknaden lokalt har stor påverknad på inntektsnivået. Dei fleste familiarar i dag har 2 vaksne i inntektsgjevande arbeid. Familiar med berre ein forsørgjar er i risiko for å hamne i relativ fattigdom. Mogleiken for å få lønna arbeid varierer med utdan-

ningsnivå til den einskilde, og kor stramt arbeidsmarknaden er på staden. Når det er lite arbeid å få, ser vi at det er dei med spesielle utfordringar som først fell utanfor arbeidslivet.

Særleg utsette grupper er mellom anna dei som har kroniske sjukdommar, dei som har lærevanskar av ulike slag, framandspråklege som ikkje meistrar norsk, og personar med andre helseutfordringar. I den siste gruppa finn vi dei som veks opp med vald, overgrep eller truslar, dei som har opplevd alvorlege traume og vore i livsfare, og dei som opplever vedvarande mobbing i barnehage/skule/vaksenliv.

Slike opplevelingar gjer at hjernen kan utvikle seg til å prioritere å oppdage farar, heller enn å ta til seg lærdom. Personar med ein slik bakgrunn har ein betydeleg auka risiko for psykiske lidingar, fråfall i skule og uførleik. Ei gruppe som har dei fleste av desse risikofaktorane, er flyktningar som kjem frå krigsområde. Dei vil difor ha behov for omfattande kvalifisert støtte og hjelp dersom dei skal kome i lønna arbeid og bli sjølvberga.

Uførleik og sosialhjelp. I Noreg har vi eit godt sikringsnett for dei som ikkje klarar seg sjølv. Muskel-skjelettlidingar og psykiske lidingar er dei dominante årsakene til uførleik, og slik har det vore i lang tid. Mykje av dette er det mogleg å førebygge. Dei siste åra har det vore ei endring, der ein ser at færre blir uføre pga. fysisk tungt arbeid. Dette skjer parallelt med auka bruk av hjelpemiddel som avlastar, t.d. ved tunge løft.

Samtidig har krav til effektivitet auka generelt i samfunnet. Det har ført til at mange opplever at dei ikkje lenger meistrar å møte forventningane, og dei blir uføre pga. stressreaksjonar og psykiske plager.

Sosialhjelp skal vere ei midlertidig inntektssikring. Målet med stønaden er at ein så snart som mogleg skal kunne klare seg sjølv. I Bømlo er delen mottakarar av sosialhjelp lågare enn i landet og i nærliggjande og samanliknbare kommunar.

Det er likevel ei bekymringsfull auke i talet på barn som bur i familiarar som tek mot sosialhjelp. Dei fleste familiane får sosialhjelp for ein avgrensa periode. Det er særskilt viktig å unngå at denne gruppa aukar, eller at fleire vert verande på sosialhjelp over tid.

Integrering og inkludering. Ein av dei viktigaste faktorane for god helse er at ein opplever seg sjølv



Basen er eit arbeidstilbod for utsette grupper.
(Foto: Simon Knutsson Sortland)

som del av eit fellesskap, der ein er likeverdig og kan bidra på ein måte som er verdfull. Integrering handlar difor i stor grad om å inkludere dei som er i risiko for å bli ståande utanfor; i barnehage, i skule, i arbeidsliv, i organisasjonsliv og nærmiljø. Det er eit kollektivt ansvar å skape ein god kommune å bu i.

God integrering krev også at kommunen gjev naudsynt hjelp for at folk skal nå sitt optimale funksjonsnivå, anten det gjeld språkopplæring, opplæring i skulen, praktisk bistand, psykisk helsehjelp eller anna. Det å få bruke dei evner og eigenskapar ein har til beste for eit fellesskap, vil gje ei kjensle av tilhøyrse, eigenverd og motverke einsemd.

Rusta for framtida

(Fokusområde: Heilskapleg strategi for å møte den forventa demografiske utviklinga)


Befolkingstal og framskrive befolkning. Befolkingstalet i Bømlo har auka kvart år sidan 2006. Det skuldast i hovudsak arbeidsinnvandring frå utlandet,



Espira Hollund barnehage er ein av Bømlo kommune sine 8 private barnehagar.

(Foto: Privat)

Utvikling arbeidsfører pr pensjonist over 67 år 2018-2040



og berre i 2017 var det ei netto innanlands innflytting. Levealderen er høg på Bømlo. Status i 2019 nasjonalt sett er låg innvandring, låge fødselstal og auka levealder. Ut frå dei prognosane som ligg føre for framskrive befolkning vil Bømlo ha ei vekst i folketal fram mot 2040, men veksten vil skje i aldersgruppa 67+. Det betyr at talet på personar i arbeidsfør alder pr. pensjonist vil bli kraftig redusert.

Det gir ei rekke utfordringar som det er viktig å førebu seg på:

- Dei som har arbeidsevne, må bidra.
- Det er særsviktig at ikkje folk hamnar i uførleik pga. eit arbeidsliv som ikkje har plass for dei med nedsett funksjonsevne.
- Restarbeidsevne må utnyttast, flest mogleg må få mogleik til å delta.


- Heiltidsstillingar må bli hovudregelen.
- Eldre må oppfordrast til å stå lenger i arbeid.

Mange oppgåver må løysast med mindre personellressursar enn i dag. Det betyr mellom anna å ta i bruk teknologiske og digitale løysingar. Det kan gjere at mange klarar seg sjølv mykje lenger, dersom samfunnet legg til rette for det. Universell utforming og gode kommunikasjonsløysingar vil vere ein del av dette.

Attraktivitet og innovasjon. For å ha eit berekraftig samfunn i framtida, er det viktig å ta vare på dei unge, og vere attraktiv for personar som ønskjer å bu på Bømlo. Unge kvinner tar i større grad høgare utdanning enn tidlegare. Mange busett seg andre stadar etter avslutta utdanning, og kommunen har i dag eit mansoverskot i nesten alle aldersgrupper. Næringsutvikling og attraktive arbeidsplassar for begge kjønn blir viktig.


Men like viktig er at kvardagen «går opp» for småbarnsforeldre. Tilgang til barnehagar, skular og sørvisfunksjonar, trafikktryggleik og attraktive leikeområde og turområde er faktorar som i aukande grad blir vurdert når unge skal finne seg bustad. Nye reglar for finansiering gjer at rett bustad på rett plass blir viktig i ein etableringsfase.

11668: Framskrevet folkemengde 1. januar, etter kjønn og alder.
Bømlo, Hovedalternativet (MMMM), 2019.



Kilde: Statistisk sentralbyrå

11668: Framskrevet folkemengde 1. januar, etter kjønn og alder.
Bømlo, Hovedalternativet (MMMM), 2040.



Kilde: Statistisk sentralbyrå

Befolknings-«pyramiden» er ei grafisk framstilling av prognosene for talet på innbyggjarar i dei ulike aldersklassane, i 2019 og i 2040. For nokre tiår sidan hadde ei slik framstilling av befolkninga ei klar pyramideform, med mange i dei yngste aldersklassane og få i dei øvre aldersklassane. Etterkvar har figuren blitt meir og meir topptung, ettersom ein større del av befolkninga oppnår høg alder, samtidig som fødselstala går ned. Denne utviklinga blir forsterka fram mot 2040, slik figuren viser.

Folk må i større grad ta ansvar for eiga helse og meistring, gjennom å planleggje for mogleg sviktande helse i høgare alder. Det kan vere å gje re endringar i eiga husvære, eller vurdere å flytte til område som er lettare tilgjengeleg ved nedsett funksjonsevne, t.d. område med universelt utforma tilgjenge til sørvisfunksjonar.

Kommunen kan bidra med å legge til rette for sosiale møteplassar, og ved å gjøre det enkelt å velje ei helsefremjande livsstil, t.d. gjennom turstiar og treningstilbod i nærmiljøa. Det vil vere naudsynt å ta omsyn til slike faktorar i arealplanlegginga. Grunneigarar og utbyggjarar er viktige samarbeidspartnarar for å bygge eit helsefremjande samfunn for komande generasjonar.

Frivilligkeit. Ei monaleg auke i pensjonistar i framtida betyr òg ei monaleg auke i personar med høve til å engasjere seg i frivillig arbeid. Dugnadsarbeid har lange tradisjonar i Noreg, og forsking viser at dei som tek del i dugnadsarbeid og frivillig omsorgsarbeid har betre helse og livskvalitet enn dei som ikkje gjer det. Det gjev personleg glede, meining med tilværet, og eit sosialt fellesskap. Det vil bli behov for at både pårørande og andre med relasjon til hjelpe-trengande tek del i omsorgsarbeidet, slik mange gjer

allereie.

Kompetanse og kapasitet i kommunale tenester.

Samhandlingsreforma frå 2012 legg opp til at meir behandling skal skje i kommunane i og nær pasienten sin heim. Dette har så langt særleg vore tilfelle for eldre pasientar og rehabiliteringspasientar. Framover vil det òg i aukande grad bli tilfelle for yngre pasientar med trøng for avansert medisinsk behandling. Det vil gi auka krav til kapasitet, kompetanse og tverrfagleg samarbeid i dei kommunale tenestene.



Blodprøvetaking ved Bremnes legesenter.

(Foto: Simon K. Sortland)



Tilrettelegging for at eldre kan bu heime lengre blir viktig.

(Foto: Magne Raknes)

Førebyggjande tiltak og tidleg innsats vil gjøre at behovet for tenester aukar mindre enn det elles ville gjort, og kan spare store summar for kommunen. Desse tala er vanskelege å berekne, fordi ein skal sette tal på noko som ikkje skjer. Som ein hovudregel blir 90% brukt til reparasjon, og 10% til førebygging. Dersom ein klarer å dreie ressursar mot meir førebygging, vil ein bremse veksten i tenestebehovet.

Statusdokument

Grunnlagstala som dette dokumentet er tufta på, er å finne i eit eige statusdokument med statistiske data for Bømlo kommune.



Rehabilitering.
(Foto: Simon K. Sortland)

Bømlo kommune

Folkehelse i Bømlo

Bømlo kommune

Grunnlagsdata for folkehelseoversikt



Statusdokument
2019-2023

31.10.2019
Rådmannen



Bømlo
kommune

Å høyre til...

**Det er så mangt i livet
Du venter deg å få
Men meir enn det å vera
Er det å høyre til**

Jan-Magnus Bruheim

Foto: Kari Birgitte Hallaråker